

Tett på flyktningkrisa

Kristin Sørsdal har vore tett på flyktningkrisa ved Middelhavet, og også skrive bok om emnet.

Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Måndag 16. april kjem ho til biblioteket i Knarvik for å dela sine opplevingar, mellom anna som flyktningehjelpar på strendene langs Middelhavet.

Sørsdal har også skrive om emnet, i boka Mare (2017), som var den tredje frå eigen penn.

Oversett Ferrante

Sørsdal er kanskje mest kjent for arbeidet med å oversetta Elena Ferrante sine romanar frå italiensk til norsk, er arbeid som har gitt Sørsdal fleire prisar.

Men arbeidet som oversettar, med base i Italia, har også gitt henne andre opplevingar. Flyktningstraumen, der håpet om eit betre liv i Europa har fått mange til å våga livet i små båtar over Middelhavet, er noko dei fleste berre har sett gjennom TV-skjermen.

Sørsdal har sett det tett på, som frivillig flyktningehjelpar på strendene langs Middelhavet, og det er dette arbeidet ho skal fortelja om på Strilabiblioteket i Knarvik 16. april.

Kva ventar dei?

Middelhavet er grensa flyktningane frå mellom anna Eritrea og Syria må kryssa i si farlege ferd mot Europa. Men kva flyktar dei frå, og kva ventar båtflyktningane som kjem fram?

Under namnet «Strilabiblioteket» har biblioteka i Lindås og Meland samarbeidd om eit omfattande program, og også Radøy er med i samarbeidet.

Det neste arrangementet i regi av Strilabiblioteket finn stad onsdag 25. april. Då kjem teatersjef ved Hordaland Teater, Solrun Toft Iversen, til biblioteket på Frekhaug, for å snakka om stykket «Andvake». Framsyninga byggjer på Andvake-trilogien av Jon Fosse, som gav forfattaren Nordisk råds litteraturpris i 2015. 23. mai er det verdspremiere på «Andvake» på teateret i Bergen.



FORTELT: Kristin Sørsdal har vore tett på flyktningstraumen, der håpet om eit betre liv i Europa har fått mange til å våga livet i små båtar over Middelhavet.

Foto: Jan M. Lillebø

Skal du med i programmet for Kystsogevekene?

– For å koma med i programmet i 2018 er innsendingsfristen 10. mai.

Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Det seier dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland.

Kystsogevekene opnar i 2018 laurdag 4. august, under den store veteranbåtfestivalen Fjordsteam i Bergen. Nytt av året vert ei offisiell avslutning, under skutefesten 15. og 16. september i Rosendal i Kvinnherad kommune.

I løpet av desse seks vekene vert det mange både små og store arrangement på både sjø og land. Bak arrangementa står ei rekkje ulike aktørar, og for mange av

desse er det no tid for å starta planlegginga av årets arrangement.

På www.kystsogevekene.no finst det eige registreringsskjema for dette, dersom ein vil med i det offisielle programmet.

Kan få støtte

Nettsida rommar også informasjon om korleis du kan søka om arrangementsstøtte frå Stiftinga Kystsogevekene.

– Det er Grieg Foundation og Stiftelsen Neptun som mogleggjer at Kystsogevekene kan hjelpa lokale arrangørar med litt direkte pengestøtte, fortel Økland.

Årets program vert ei ileggsavis i stort opplag som vert lansert i forkant av Torgdagen i Bergen 9. juni. Her vil du finna informasjon

om ulike kystkulturhendingar utover sommaren, som til dømes Torgdagen, Fjordsteam og sjølv-sagt Kystsogevekene.

Kystkultur frå alle tider

Stiftinga Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 22 kystkommunar i Hordaland og Gulen, og Hordaland Fylkeskommune, for å fremja kystkultur.

Kystsogevekene speglar kystkultur frå alle tider, både gammal og ny. Folk får oppleva kystkultur og yrande folkeliv i mange former og uttrykksmåtar.

– Har du idear som kan bli til gode arrangement, ta gjerne kontakt, avsluttar Kjell Magnus Økland.



KYSTSOGEVEKENE: Her frå arrangementet på Holmeknappen i Meland.

Foto: Strilen